

Stadfesting av nauddåp

- 1 Denne handlinga bør leggjast til høgmissa eller til ei anna av dei ordinære gudstenestene.
- 2 Dersom det er dåp i gudstenesta, kjem stadfestinga etter at alle er døypte (ledd 6 **Dåpshandlinga**). Handlinga vert då avgrensa til ledd 6 **Stadfesting** nedanfor.
- Dersom stadfestinga kjem i ei eiga dåpsgudsteneste, kjem ho etter ledd 14 **Dåpshandlinga**.
- 3 Barnet vert bore inn i kyrkja. Ein person kan følgja den som ber barnet.
- 4 Medan dei ber barnet inn, vert det framført høveleg instrumental- eller vokalmusikk.
- 5 Ledd 2 **Dåpssalme** kan syngjast før ledd 1, etter at barnet er bore inn.
- 6 Berre førenamnet til den som skal få dåpen stadfest (utan mellomnamn eller slektsnamn), skal nemnast, men det fulle namnet vert teke med i kunngjøringane i gudstenesta.
- 7 Nar det er dåp av ein vaksen som vert stadfest, tek den døypte plass har døypefonten for handlinga byrjar. Ved stadfestinga nyttar ein fullt namn.

Denne liturgien er trykt i «Gudstjenestebok for Den norske kyrkja, del II Kykjelege handlingar», utgjeve i 1992. Bibeltekstane er henta frå Den norske bibelselskapets oversettelse frå 2011.

A | Når dåp av born stadfest

1 | Inngang

Anten A

L | frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden

I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Eller B

L | frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden

Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Ein nyttar det alternativet som ikkje vart nytta då gudstenesta tok til.

L | I dag vert *dette barnet* ført fram i Guds hus. Ved dåpen har Gud gjeve *han* del i si frelse og teke *han* inn i si kristne kyrkje. Lat oss ta imot *han* i kjærleik og ta *han* inn i våre bønner.

Liturgen kan deretter halda ein kort tale og eventuelt avslutta med Joh 3,16.

Eventuelt kan ein nytta berre dette skriftordet.

L | For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

JOH 3,16

2 | Dåpssalme

3 | Dåpsføresegna

L | Lat oss høyra vår Herre Jesu Kristi føresegn om den heilage dåpen:

Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg ermed dykk alle dagar så lenge verda står.

MATT 28,18-20

Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Gudsrike for dei:

Dei bar små born til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat små borna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

MARK 10,13-16

4 | Dåpsskyldnaden

L | Vil foreldre og fadrar reisa seg.

L | De som i dag ber *dette barnet* til Kristus, skal vera vitne om at *dette barnet/han/ho* er døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. Saman med denne kyrkjelyden og heile vår kyrkje får de del i eit heilagt ansvar: å be for *henne/han*, læra *henne sjølv/han sjølv* å be og hjelpa *henne/han/dei* til å bruka Guds ord og Herrens nattverd, for at *ho/han* kan verta verande hjå Kristus når *ho/han* veks opp, liksom *ho/han* ved dåpen vert sameint med han.

Foreldre og faddere blir stående.

5 | Forsakelsen og trua

L | Lat oss vedkjennast forsakinga og trua som vi døyper borna våre til.

Kyrkjelyden reiser seg.

**A | Eg forsakar djevelen
og alle hans gjerningar
og alt hans vesen.**

**Eg trur på Gud Fader, den allmechtige,
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den Heilage Ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,
skal koma att derifrå**

og døma levande og døde.

**Eg trur på Den Heilage Ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.**

Den apostoliske truvedkjenninga

Kyrkjelyden set seg.

6 | Stadfesting

Barnet (om det er fleire: kvart barn for seg) vert bore fram til døypefonten.

Foreldre og fadrar reiser seg.

Der tilhøve gjer det naturleg, kan foreldre og fadrar gå fram til døypefonten.

L | Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier førenamnet.

L | Er (førenamnet til barnet) døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande?

Den som ber barnet: Ja.

L | Vil de at (førenamnet til barnet) skal oppsedast i den kristne forsaking og tru?

Den som ber barnet: Ja.

L | legg handa på hovudet til barnet og seier:

Den allmechtige Gud har i dåpen gjeve deg sin heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrkje deg med sin nåde til det evige livet.

Fred vere med deg.

7 | Lovprising og bøn

Når alle har fått dåpen sin stadfest, seier liturgen frå lesepulten eller ein annan stad i koret:

L | Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!

1 PET 1,3

L | Lat oss saman be Herrens bøn.

A | Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

Når stadfestinga kjem like etter gudstenesta, kan liturgen etter lovprisinga «Lova vere Gud» be denne kollektbøna.

L | Lat oss takka og be.

Herre Gud, Far i himmelen, du har lova at du vil vera Gud for oss og for borna våre og visa di miskunn mot slekt etter slekt. Vi takkar deg for at du tek imot oss i den heilage dåpen alt medan vi er born, og der gjev oss forlating for syndene, liv og sæle. Vi bed deg, hjelp oss å strida den gode striden, fullføra laupet og halda fast ved trua, og før oss fram til det evige livet, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

A | Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

Dåpshandlinga sluttar med

8 | Salme

B | Når dåp av vaksne vert stadfest

1 | Inngang

Anten A

L | frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden

I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Eller B

L | frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Ein nyttar det alternativet som ikkje vart nytta då gudstenesta tok til.

L | I dag vert *denne vår* medkristne ført fram i Guds hus. Ved dåpen har Gud gjeve *han* del i si frelse og teke *han* inn i sin kristne kyrkje. Lat oss ta imot *han* i kjærleik og ta *han* inn i våre bønner.

Liturgen kan deretter halda ein kort tale og eventuelt avslutta med Joh 3,16.

Eventuelt kan ein nytta berre dette skriftordet.

L | For så elska Gud verda at han gav sin Son, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

JOH 3,16

2 | Dåpssalme

3 | Dåpsføresegna

L | Lat oss høyra vår Herre Jesu Kristi føresegn om den heilage dåpen:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

MATT 28,18-20

Lat oss høyra kor venleg Jesus tek imot borna og let opp Guds rike for dei:

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den

som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

MARK 10,13-16

4 | Dåpsskyldnaden

L | Vil fadrane reisa seg.

L | De skal vera vitne om at *dette barnet* er døypt namnet åt til Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. Saman med denne kyrkjelyden og heile vår kyrke får de del i eit heilagt ansvar: å be *for han* , læra *han* sjølv å be, og hjelpa *han* til å bruka Guds ord og Herrens nattverd, for at *han* kan verta verande hjå Kristus, liksom *han* ved dåpen vert sameint med han.

Fadrane vert ståande.

5 | Forsakinga og trua

L | (Namnet vert nemnt) , vil du saman med den kristne kyrkjelyden vedkjennast forsakinga og trua?

Den døypte: Ja.

L | Lat oss vedkjennast forsakinga og trua som vi døyper borna våre til.

Kykjelyden reiser seg.

**A | Eg forsakar djevelen
og alle hans gjerningar
og alt hans vesen.**

**Eg trur på Gud Fader, den allmechtige,
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den Heilage Ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
før ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
før opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den Heilage Ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.**

DEN APOSTOLISKE TRUVEDSKJENNINGA

Kyrkjelyden set seg.

6 | Stadfesting

Den døypte (om det er fleire: ein om gongen) går fram til døypefonten.

Der tilhøva gjer det naturleg, kan fadrane gå fram til døypefonten.

L | (Namnet vert nemnt), er du døypt til namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande?

Den døypte: Ja.

L | legg handa på hovudet til den døypte og seier:

Den allmechtige Gud har i dåpen gjeve deg sin Heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truende kyrkjelyd. Han styrkje deg med sin nåde til det evige liv.

Fred vere med deg.

7 | Lovprising og bøn

Når alle har fått dåpen sin stadfest, seier liturgen frå lesepulten eller ein annan stad i koret:

L | Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!

1 PET 1,3

L | Lat oss saman be Herrens bøn.

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

**For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.**

